



Alt du kastar,  
er ein liten bit av jordkloden.

Saman tek vi vare på ressursane.





## Opningstider:

### **Mjølstadneset:**

måndag - torsdag: 12.00 - 19.00

fredag: 08.00 - 15.00

### **Myklebustmyrane:**

tysdag: 14.00 - 19.00

torsdag: 14.00 - 19.00

### **Saunesmarka:**

måndag - torsdag: 10.00 - 17.30


fredag: 08.00 - 15.00


### **Greinplassen Eidet (sesongope):**


måndag - torsdag: 12.00 - 19.30

fredag: 08.00 - 15.00

## Følg oss på:

 @reinholdsverket

 facebook.com/reinholdsverket

 reinholdsverket.no

## Julehelsing frå ein 40-åring

I 1980 blei Søre Sunnmøre Reinholdsverk stifta. Som med førtilåringar flest, har det skjedd ei kraftig utvikling gjennom desse åra. SSR har gått frå å vere éin lastebil, til å bli ein arbeidsplass for 33 personar. Med tre miljøstasjonar handterer vi dagleg ein omfattande logistikk av innhenting, sortering og vidaresending av avfall.

Eg og du kastar enormt mykje meir no enn i 1980. Forbruket vårt er mangedobla. Mykje av det vi kjøper, endar etter kvart opp som avfall.

Heldigvis kastar dei fleste av oss no på rett plass. Det er ikkje lenger greitt å dumpe avfall rett i sjøen, legge det på ei opa fylling, eller fyre opp eit bål der miljøgifter får spreie seg i nærmiljøet.


Krava til korleis vi som innsamlar skal behandle avfallet, har auka i takt med mengda innbyggjarane produserer. Målet er å sende mest mogleg til gjenvinning og ei miljømessig trygg behandling.

Samtidig er det øvste målet i avfallspolitikken i Noreg at vi alle skal kaste mindre. Kvar gong du kastar ein ting «i boset», kastar du noko som ein gong har vore ein naturressurs. Dersom vi har planar om å ikkje bruke opp den eine jordkloden vi har, må vi alle begynne å tenke meir på dette. Kjeldesortering gjer at vi brukar råvarene frå naturen smartare, men kan aldri vege opp for eit stadig aukande forbruk .

Kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein har gjennom SSR skapt eit tilbod til 25.000 innbyggjarar. Samfunnsoppdraget vårt er å handtere avfallet i regionen på ein trygg og mest mogleg berekraftig måte. Det gjer vi aller best når vi spelar på lag med innbyggjarane våre.

**Takk for at akkurat du gjer ditt beste.**


# Søre Sunnmøre Reinhaldsverk 1980 - 2020



# Dette skjer med det du kastar:




**Plastemballasje** som du leverer i plastsekken går til ein gjenvinningsfabrikk i Tyskland. Det er ikkje all plast som er mogleg å gjenvinne, men både emballasjeprodusentar og plastfabrikkane jobbar for å gjere dette enklare - og nærmare her vi bur.




**Papp, papir og drikkekartong** blir frakta til ulike papirfabrikkar. Papirprisane svingar. Nokre gonger får vi betalt for det vi leverer, andre gonger må vi betale sjølve. Den siste tida har dei gamle pizzaøskene dine blitt til nytt papir ved ein fabrikk i Nederland.




**Matavfall** blir henta frå oss to til tre gonger i veka med vogntog. Brødsalkar, potetskrell og epleskrottar blir då køyrt til Mjøsanlegget ved Lillehammer der posane blir spretta og matavfallet omdanna til biogass, gjødsel og jord.



**Restavfallet** køyrer vi til energigjenvinningsanlegget i Ålesund. Varmen frå omnane blir brukt til å varme opp bygningar. Røyken blir grundig filtrert for å minke utsleppa. Pipa på Grautneset er eitt av dei største utsleppspunkta av CO2 på Sunnmøre.



**Metallemballasje** blir først sendt til eit sorteringsanlegg utanfor Fredrikstad, deretter til smelteverk i Noreg og utlandet, for så å bli selt vidare som råvare til ny produksjon. Hermetikkboksen din får då nytt liv, kanskje som ein bildel, sykkel eller verktøy.




**Glasemballasje** kan gjenvinnast uendeleg mange gonger. Vi køyrer glas- og metallemballasjen til Onsøy utanfor Fredrikstad. Resirkulert glas blir brukt som råstoff til både vegmasse (glasopor), isolasjon og nye glasprodukt.



**Tekstilar** blir samla inn av aktørar som Fretex, UFF og Fileks, som står for utplasseringa av kleskonteinarar. Dei sel anten kleda i eigne butikkar i Noreg, sender dei til andre land, eller brukar tekstilane til å lage nye produkt som golvmatter.



**Batteri** frå alt frå høyreapparat til bilar, kan du som privatperson levere kostnadsfritt på miljøstasjonen. Då oppbevarer og pakkar vi dei brannsikert, før dei blir sende til Batteriretur i Fredrikstad som tek seg av vidare destruksjon og gjenvinning.



**Elektronikk** inneheld mineral som det er begrensa av i verda, og dermed viktig å gjenvinne. EE-avfallet blir først sendt til Elektrogjenvinning Møre på Vartdal for grovsortering. Deretter blir dei ulike delane sende til materialgjenvinning.




**Hageavfall** blir kverna opp til flis, som mellom anna blir brukt i biovarmeanlegg i Stryn og til dekkmasse. Svartelista artar må du kaste i restavfallet, då det er tryggast at desse går rett til forbrenning. Vi har ein eigen dunk til dette der du leverer frå deg hageavfallet.





**Metall** i alle variantar, frå steikepanner til sykklar, er den einaste avfallstypen vi går i pluss på økonomisk. Vi køyrer metallet til Vartdal, før det blir skipa vidare til smelteverk. Metall er blant dei materiala som er lettast å gjenvinne.




**Grovavfall** blir først ettersortert, deretter får det same lagnad som restavfallet, ein tur over fjorden og inn i omnane til Tafjord Kraftvarme på Grautneset. Når varmen frå avfallet i forbrenningsomnane samtidig får ein nytteverdi, kallar vi det energigjenvinning.



**Gipsplater** måtte tidlegare leggest på deponi. Framover sender vi dei til ein fabrikk i Porsgrunn som tek i mot platene, knuser dei ned og brukar materialet til å produsere nye gipsplater.



**Treverk** blir kverna opp i Ålesund og sendt med båt til England. Der blir det brukt til å lage nye sponplater. Heilt reint treverk blir kverna og brukt lokalt i kompost. Ver obs på at eldre, impregnert treverk er rekna som farleg avfall på grunn av miljøskadelege stoff i impregneringa.



**Deponi:** Grovavfall som ikkje er brennbart, til dømes eit øydelagt toalett, isolasjon eller store presenningar, må vi legge på deponi. Avfallet blir då sendt til Bingsa i Ålesund, der det blir lagt i celler inne i fjellet.



**Farleg avfall** registrerer vi i eit datasystem og pakkar etter spesielle retningslinjer. Eternittplater og asbest må leggest i deponi. Andre typar farleg avfall blir brent på svært høg varme i Brevik, der dei samtidig tek knekken på skadelege miljøgifter.

## Om å gjere å vere høgast oppe:

Avfallspyramiden viser prioriteringane i den norske avfallspolitikken. Målet er at avfallet skal behandlast så nær toppen som mogleg.

Det aller beste eg og du kan gjere, er å kaste mindre. På andre plass kjem gjenbruk.

Materialgjenvinning betyr å gjenvinne avfallet slik at dei ulike materiala kan brukast som avfall i nye produkt. For å få til det, må vi kjeldesortere. Då hjelper vi naturressursane tilbake i krinsløpet. Behovet for å hente ut nye naturressursar blir då redusert.

Energigjenvinning inneber at avfallet blir brent og varmen utnytta til å skape varmt vatn og straum.

På sisteplass finn vi deponi, det vil seie å legge avfallet på ei forsvarleg og lukka fylling.



**Det som er igjen har minka:**  
Frå desember 2018 til desember 2019 blei restavfallsmengda frå hushalda i Hareid, Herøy, Sande og Ulstein redusert med heile 42 prosent!

# Kjekt å vite:



Ikkje kast batteri i restavfallet! Det kan utgjere ein brannrisiko. På miljøstasjonane våre kan du få utdelt ein slik **batteriboks** til å samle batteria i heime. Hugs å teipe polane!

Redd for at plastemballasjesekken skal fyke av garde? På miljøstasjonane våre får du kjøpt "**Lett på kroken**" til 25,-. Hugs å stripse han godt fast!



**Pant ein båt!** Når du leverer inn gamle fritidsbåtar under 15 fot på miljøstasjonen, kan du få refundert 1000,- kroner frå Miljødirektoratet.

**1000 kilo farleg avfall** i året, er allereie inkludert i gebyret for privatpersonar.



Glad i sjøen, men lei av plasten? Vi deler ut **strandryddesekkar** og ryddehanskar på miljøstasjonane våre. Avfallet du plukkar får du levere gratis. Takk for innsatsen!



## Hentekalender

Last ned gratisappen Min Renovasjon. Då kan du få varsel på telefonen kvelden før om kva dunk du skal sette ut.

Du får også oversikt over returpunkta for glas- og metallemballasje, kleskonteinarane og miljøstasjonane.


Om du heller ønskjer å ha hentekalenderen på papir, finn du han på [reinholdsverket.no](http://reinholdsverket.no) for utskrift. Har du ikkje skrivar? Ta kontakt med oss, så sender vi deg ei utskrift.



## Tomt for sekkar?

Når du er i ferd med å gå tom for plastemballasjesekkar, kan du knyte eit handlenett eller brødpose på papirdunken din. Dette er ein beskjed til renovatøren om at du treng nye sekkar. Ho eller han vil då legge igjen ein rull til deg.

Den same ordninga gjeld for matavfallsposane. Då knytter du ein grøn pose på matavfallsdunken din. Du kan elles kome innom ein av miljøstasjonane våre for å hente nye rullar.



## Ekstrasekk til restavfall

Visste du at julepapir høyrer heime i restavfallsdunken? Det er fordi gåvepapir vanlegvis inneheld mykje leire og fargestoff, og dermed er av så dårleg kvalitet at det ikkje kan gjenvinnast til nytt papir.

Dersom du brukar gamle aviser eller gråpapir til innpakkinga, kan du kaste dette i den blå papirdunken, då desse kan gjenvinnast.

Har du lite julepapir? Då kan du bruke ekstrasekken til anna restavfall.

Ekstrasekken set du ved sida av restavfallsdunken den dagen det er henting av restavfall i di sone.

# 10 tips frå oss:



Knyt dobbel knute på plastemballasjesekken, så slepp vi at plastemballasjen blandar seg med papiret i bilen.



Bur du tett, sett gjerne dunkane dine ved sida av dunkane til naboen. Då får vi jobba meir effektivt med færre stopp i ei gate. Færre start og stopp gir også mindre CO<sub>2</sub>-utslepp.



Vask dunken jamnleg, både på innsida og utsida. Det blir trivelegare for deg, naboen din og oss.



Vi legg ofte dunkane ned etter tømning på dagar med sterk vind. Det er for å unngå at dei stikk av og gjer skade på seg sjølv, bilar eller folk.



Bruk gjennomsiiktig sekk på miljøstasjonen. Du reduserer då brannrisikoen og vi får i fellesskap kasta ting på rett plass. Då får vi gjenvunne meir og unngår unødvendig etterarbeid.



Sorter avfallet ditt før du kjem til miljøstasjonen. Då sparer du tid og kanskje pengar ved å få sortert ut det som allereie er inkludert i gebyret/gratis.



Ikkje kast spon, oske og garasje-oppsopt laust i dunken. Det fyk opp i augene til oss som tømmer. Oske kan i verste fall gi etseskader.



Bruk appen eller nettsida [sortere.no](http://sortere.no) for å søke opp ting som du er usikker på kvar du skal kaste.



Dersom du leverer farleg avfall i uoriginal emballasje, må du merke den godt med kva den inneheld. Feilsortering kan føre til brann og eksplosjon.



Fyll matavfallsposane godt før du kastar dei i dunken. Ikkje bruk unødvendig mange posar. På den måten sparer du jordkloden for plastforbruk og fellesskapet for utgifter.

Takk!

SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS  
Tlf: 70 00 70 50 Kontortid: 07.30 - 15.30  
(stengt 12.00 - 12.30 grunna lunsjpause)  
[firmapost@reinhaldsverket.no](mailto:firmapost@reinhaldsverket.no)  
[reinhaldsverket.no](http://reinhaldsverket.no)

